

## **Referat/ oppsummering frå Allmøte i ungdomshuset 19/11 2015.**

### Innleiing v/ Ole Kristian Årmot.

Grendalaget ynskjer å slå eit slag for skulen.

Mål: - Få fram grenda si meining.

- Korleis er stemninga i bygda? Er skulen noko å satsa på?

### Kort oppsummering av spørjeundersøking.

Om lag 40 personar svarde på spørjeundersøkinga. Ca 50 -50 for/imot å satsa på skulen. Vel 50 % positive til å prøva å overta og "driva "skulen.

### Informasjon v/ Gudmund Furu.

Gudmund har kontakta kommunen for å finna ut kor store utgifter det medfører å "halda" skulen per år. Han fekk e-post frå leiar Bygg og eigedom, Jon Spildo Prestegard, 6/11-15.

Basisutgifter 2014 lødde på ca. 86.000,-.

Kva vilkår set kommunen for overtaking av bygget? Klausul i skøyte som omhandlar vidaresal.

### Grendalaget er positive.

Er det nok interesse? Er det aktuelt å danna eit lutlag ? Grendalaget treng hjelp av andre lag/organisasjonar elles folket i grenda for å få dette til. Det vil truleg vera grunnlag for å søkja Kraftfondet, Innovasjon Noreg og fleire om stønad.

Fjellandsbyen er positive til å vera med og diskutera og eventuelt bidra.

### Få inn pengar/inntekter.

Utleigeverksemdu kan verta den største inntektskjelda: gymsal, garderobar, kontorlokale, lager, kurs/møte, selskap, utleigebustader med meir.

Bygget kan og skapa arbeidsplassar: tilsyn, vedlikehald, vask osv.

Verdien på bygg og eigedom stig.

### Treng me skulen når me har ungdomshuset?

Ungdomshuset har historisk verdi og affeksjonsverdi. Det er gjort mykje godt arbeid med oppussing.

Grendalaget har støtta ungdomslaget og vil framleis hjelpa/støtta ungdomslaget og vera med og skapa aktivitetar.

Ungdomslaget har sine aktivitetar, andre lag har andre aktivitetar. Det er viktig å ha god dialog.

Myldring og kaffe.....

### Innspel og spørsmål.

Tilstanden på huset? Folk som har jobba på skulen seier det har vore lekkasje. Gudmund har vore på skulen og sett i dag. Ingen kondens eller væte no ( ikkje varme heller)

- Kontakta vaktmeister for meir informasjon?
- Spørja om Bjørn Atle kan vera med og gå over, og sjå /vurdera tilstand. Kan han setja opp ei liste over kva som må gjerast og kanskje kostnadsoverslag?
- Er huset noko å overta? Eller er det å overta arbeid og eit problem frå kommunen?
- Ein skal ikkje vera negativ, men realistisk!
- Kva høyrer til eigedomen? Skuleplassen + eit stykke under, om lag 6 mål.
- Mange har gode kjensler for skulen , men ein må bruka fornuft.
- Må ha litt meir ”kjøt på beinet”
- Har kommunen lyst ut skulen for sal? Nei.
- Ordføraren har sagt seg viljuge til å stilla på møte.
- Realistisk inntekt. Er me viljuge til å ta i eit tak? Kva kan ein tena pengar på? Korleis er marknaden?
- Trur det vert høgare utgifter enn det vart oppgitt frå kommunen. Forsikring?
- Er nokon viljuge til å stilla med risikokapital?
- Kor mykje inntekter må til for å driva skulen?
- Stillा med krav til/ forhandla ein god avtale med kommunen? Tett tak?
- Det er viktig å halda opp aktivitetsnivået og å ha eit tilbod til oppveksande generasjonar i dalen. Me treng gymsalen! Det er stor aktivitet på Sundve og Oppheim.
- Ta ein runde for å finna utleigemogelegheiter.
- Ole Kristian, Heine, Stig Erlend, Simianne, Gudmund har sagt seg interesserte i å vera med i arbeidsgruppa.  
Fyrste prioritet vert å sjekka bygget.  
Faste utgifter  
Vedlikehald  
Kostnadsoverslag  
Inntektsmogelegheiter  
Dialog med kommunen  
Forhandla med kommunen når ein har oversikt

Grendalaget/nemnda vil arbeida vidare med saka. Er nokon interesserte i å vera med i arbeidsgruppa ? Er det nokon som brenn for dette og vil vera med i gruppa, så ta kontakt med Ole Kristian !

36 personar møtte.  
Ref. Anne Lise B.Ulvund